



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Saksbehandler: Helen Haaland  
Telefon: 57643080  
E-post: fmsfheha@fylkesmannen.no

Vår dato  
14.03.2014  
Deres dato

Vår referanse  
2013/1262 - 450  
Deres referanse

Til verdsarvrådet  
V/ Erling Oppheim

## NOTAT

### Status Nærøyfjorden verdsarvområde 2013

Statens Landbruksforvaltning og Miljøverndepartementet har sidan 2008 løyvd midlar til verdsarvområda. I Prop. 133 S (2009 – 2010) kjem det fram at verdsarvsatsinga vert vidareført i eit nytt femårig prosjekt. Midlane skal nyttast i samsvar med *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområde Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyane*.

Vestnorsk Fjordlandskap - Nærøyfjorden får årleg ei tildeling på kr 1 125 000 frå Landbrukets Utviklingsfond (LUF) LUF- midlar, og kr 1 000 000 frå Miljøverndepartementet. Midlane vert fordelte til brukarane utifrå inngått *Avtale om bidrag til skjøtsel i Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap – Nærøyfjorden*. For bruk med areal innanfor verdsarvområdet, er avtalen følgt opp med at forventa drift er innarbeidd i tiltaksplanar for skjøtsel av kulturlandskap på det enkelte bruk. Tiltaksplanane vart utarbeidd i 2011.


Vi er no i den situasjon at dei tildelte midlane ikkje strekk til med dagens satsar, for komande år må vi difor vurdere satsane om ikkje tildelinga vert auka. Det kan også vere aktuelt å be om dokumentasjon på beitebruken i området for å sikre at utbetalingane er rette.

Alle aktive bruk med driftssenter i verdsarvområdet er no med i ordninga. I 2013 vart midlane fordelt på i alt 47 gardsbruk, der 13 bruk har driftssenter i verdsarvområdet. Det vart utbetalt eit samla tilskot på kr 2 232 280, det er då brukt noko restmidlar frå tidlegare år. Satsane for beitebidrag for bruk med driftssenter utanfor verdsarvområdet vart for 2013 år redusert med 15% for å halde tilskotet innanfor den tildelte ramma.


- Utbetalt i 2008: **kr 1 919 440**
- Utbetalt i 2009: **kr 2 063 540**
- Utbetalt i 2010: **kr 2 159 340**
- Utbetalt i 2011: **kr 2 179 040**
- Utbetalt i 2012: **kr 2 238 260**
- Utbetalt i 2013: **kr 2 232 280**



### Utvikling i areal




### Utvikling i dyretal, innanfor verdsarvområde



*Kommentar; to bruk med sau er flytta frå utanfor til innanfor verdsarvområdet og er bakgrunnen for auken i areal og sauetal.*



## Utvikling i dyretal, utanfor verdsarvområde



### Besøksrunde

Besøksrunden vart ikkje gjennomført hausten 2013, men er utsett til våren for å kunne sjå på areala på ei anna tid av året.

### Aktivitetar

Dei siste par åra har kommunen og Fylkesmannen i samarbeid arrangert markdagar. Både verdsarvbønder og andre er invitert. Vi har inntrykk av at dette er ein positivt og miljøskapande aktivitet. I 2012 var det rydding av skog og kulturmark, og bioenergi som var tema. I 2013 var det istandsetting av beite, utnytting av beiteressursane, grovfôrdyrking, gjødsling og haustetidspunkt som var tema. Møtet var på Hylland i Nærøydalen, Marit Henjum Halsnes frå Norsk Landbruksrådgjeving i Sogn og Fjordane var med. Vi vil også i 2014 arbeide for å få til ein markdag.

### Utfordringar

#### *Behov for investeringar*

I Nærøyfjorden er det 14 aktive gardsbruk som driv med geit, storfe og sau. Miljøet er lite og sårbart og det er svært viktig å ta vare på dei bøndene som er att og halde gardane i drift. Fleire av bruka er små og tungdrivne, og har lite utvidingsmoglegheiter. I dei tradisjonelle investeringsinstitusjonane (Innovasjon Norge) vert det stilt strenge krav til lønnsemd og buskapsstorleik, det gjer at mange av desse bruka vil falle utanfor i dette systemet. To bruk har valt å investere i driftsbygning for geit innanfor vanlege investeringsordningar. Det er fire bruk med mjølkeproduksjon på ku i området, tre av desse har meldt frå om at dei står framfor investeringar i driftsapparatet. For det eine bruket er det snakk om nybygg for å kunne halde fram med mjølkeproduksjonen, der er det ikkje aktuelt med finansiering innanfor dagens system.

Det er snart generasjonsskifte på fleire bruk og det er trong for nye bygningar til husdyr. Fornyng av driftsapparatet er viktig for framleis drift. Det difor svært viktig for husdyrbruket i Nærøyfjorden og særleg for mjølkeproduksjonen å få på få på plass



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

ekstra investeringsmidlar/ordningar raskt. Det er også viktig med langsiktige ordningar som gjer at ungdommen ser at det er mogleg med ei framtid i området og ønskjer å satse. Det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på verdsarvområda og husdyra er svært viktig for å kunne ta vare på jordbrukslandskapet i Nærøyfjorden.

### *Tilskot til Styvi og Stigen*

To bruk innanfor verdsarvområdet vert aktivt skjøtta; Styvi og Stigen, men har ikkje fast busetnad heile året. Desse bruka har difor ikkje fått arealbidrag frå verdsarvtilskotet tidlegare, men dei har til no fått støtte mellom annan frå SMIL-midlar, dette vart teke vekk frå 2013. For å sikre skjøtsel på desse to bruka framover, har saka vore diskutert i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap på møte i august 2013. Rådet opna for å gje Styvi og Stigen halvt tilskot for dyr og areal i 2013. Dette er ei mellomløysing der bruk med driftssenter utanfor får arealbidrag, men ikkje på same nivå som dei som har driftssenter i verdsarven. For å finansiere dette kan satsen for beitebidrag til andre avtalepartar med driftssenter utanfor verdsarvområdet reduserast med inntil 25%. Brukarane på Styvi og stigen treng ei avklaring på om dei får dette tilskotet framover.

### *Generasjonsskifte*

Vidare drift i verdsarvområde er heilt avhengig av at komande generasjonar ser det som attraktivt å drive og bu i området. Det er viktig å komme i dialog med dei tidleg, dei har gjerne andre ønskje om drift og ser andre moglegheiter enn foreldregenerasjonen.

### *Anna*

Brukarane på eitt av bruka på Skjerping i Nærøydalen har flytta og lagt ned drifta, areala er overteke av eit anna bruk i dalen.

Ny E-16 gjennom Nærøydalen kan medføre at det går med verdfull dyrka jord.

Helen Haaland  
14. mars 2014